

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 24.05.2018
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Helga Stautland Onarheim

SAKA GJELD: **Oversyn bierverv i føretaket**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 37/18

STYREMØTE: 21.06.18

Administrerende direktør si orientering notat 5

Jfr. oppfølging av tiltak frå internrevisjon bierverv og styresak 59-15 skal oversikt bierverv i føretaket inngå i ordinær driftsrapportering til styret i juni møte kvart år.

Oversikt bierverv i føretaket

HR-området har i april 2018 sendt ut rapport til direktørar om registrerte bierverv ved alle einingar i klinikk/område, med spørsmål om dette gir eit riktig bilde av status for bierverv. I tillegg bes direktør gjere greie for om det er behov for tiltak for å følgje opp bierverv i eigne einingar. Direktørar skal på bakgrunn av denne påminninga vurdere om det er behov for å følgje opp medarbeidarar, og om det er behov for bistand frå HR-området i arbeidet.

Etter utsending av rapportar, informasjon på intranett og påminning frå leiarar, er det registrert 89 medarbeidarar som har bierverv. Samla er det meldt 111 bierverv (nokon har fleire bierverv).

I april 2017 var det 72 medarbeidarar som hadde meldt bierverv, medan det var registrert 94 bierverv.

Kategorisering av bierverv

N=111

Andre offentlege helseføretak	4
Andre verksemder i Helse Vest	3
Ikkje helseretta verksemder	50
Leverandør/legemiddelindustri	1
Primærhelsetenesta	16
Privat ideell helseretta verksemd	7
Privat legekantor med allmennpraksis	0
Spesialist erklæring	2
Universitet/ høgskule	4
Verksemder med driftstilskott frå Helse Vest	3
Private kommersielle helseretta verksemder	18
Konkurrerande verksemd	0
Anna	3

Oppsummering

Rapportar viser ei auke i tal registrerte bierverv i 2018 (2017 – N=94).

Tilbakemelding frå leiarar om oppfølging og tiltak viser at det framleis må minnast om retningslinjene, der søknad om bierverv er sentralt. Det blir i klinikk/områder sine leiargrupper informert om retningslinjer. HR har årleg informasjonskampanje på intranett om registrering av bierverv og vil halde fram rutinen med å sende halvårlig rapport med oversikt over bierverv i klinikk/område til nivå 2 leiar.

Det blir vurdert revisjon av felles regionale retningslinjer og rettleiarar for bierverv.